

Saksframlegg

Sakshandsamar	Arkiv	JournalpostID
Helene M. Ohm	K1 - 016	16/2456

Saksnr	Utval	Dato
005/16	Kommunestyret	27.04.2016

Kommunereform

Vedlegg

1. Innbyggernes innspill - kort sammenfatning av undersøkelser i Finnøy versus Stavanger_Sandnes_Sola.docx

Vedlegg:

1. Innbyggernes innspill - kort sammenfatning av undersøkelser i Finnøy versus Stavanger_Sandnes_Sola.docx

Forslag til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å gå vidare med dei tre utgreidde alternativa (nullalternativet (Finnøy), mellomalternativet («Utstein») og storkommunealternativet («Stavanger»)) i prosessen med folkehøyning og endeleg kommunestyrehandsaming innan fristen 1. juli.
2. Kommunestyret gir politisk styringsgruppe for kommunereforma fullmakt til å godkjenne endeleg versjon av avtaledokument med Randaberg/Rennesøy/Kvitsøy («Utstein kommune») og med Stavanger/Rennesøy.
3. Kommunestyret vedtek at avtaledokument med Randaberg/Rennesøy/Kvitsøy og med Stavanger/Rennesøy vert lagt til grunn for folkehøyingsprosessen.
4. Kommunestyret vedtek å gjennomføre rådgivande folkeavstemming om kommunereforma 1. juni 2016. Ein tek sikte på at førehandstemming skal skje i perioden 18.-30. mai. Folkeavstemminga vert gjennomført som ein valkrets (teljekrets og stemmekrets). Stemmelokalet vert på Rådhuset, Judaberg.
5. Voteringstema for den rådgivande folkeavstemminga 1. juni vert som følgjer:
 - a. Bør Finnøy slås saman med ein eller fleire kommunar i regionen? JA / NEI / BLANK
 - b. I tilfelle kommunesamanslåing, kva alternativ ynskjer du? UTSTEIN / STORKOMMUNE MED STAVANGER / BLANK
6. Kommunestyret ber rådmannen om å fagleg kvalitetssikre utforming/tekst på stemmesetelen.

Finnøy 19.04.2016

Helene M. Ohm
rådmann

Kommunestyret 27.04.2016:

Framlegg, foreslått av Gro Skartveit, Venstre

1. Kommunestyret gjev formannskapet fullmakt til å godkjenne endelig versjon av avtaledokument med Randaberg/Rennesøy/Kvitsøy (Utstein kommune) og avtaledokumentet med Stavanger/Rennesøy.
2. Dei to intensjonsavtalane vert lagt til grunn for folkehøyringsprosessen
3. Kommunestyret vedtek å gjennomføre innbyggjarundersøking basert på dei tre alternativa: Finnøy som i dag, Utstein og Stavanger.
4. Minimum 300 innbyggjarar skal høyrast. I undersøkinga skal både 1. og 2 alternativ til innbyggjarane kome tydeleg fram.
5. Innbyggjarundersøkinga skal gjerast fyrste veka i juni
6. For å få god nok tid i prosessen skal kommunestyret i juni flyttast frå 15. til 22. Då skal endeleg vedtak gjerast.

Fellesframlegg KRF, SP, AP, foreslått av Odd Bleie, Senterpartiet

1. Kommunestyret vedtek å gå vidare med dei tre utgreidde alternativa (nullalternativet (Finnøy), mellomalternativet («Utstein») og storkommunealternativet («Stavanger»)) i prosessen med folkehøyring og endeleg kommunestyrehandsamling innan fristen 1. juli. Kommunestyret gir politisk styringsgruppe for kommunereforma fullmakt til å godkjenne endeleg versjon av avtaledokument med Randaberg/Rennesøy/Kvitsøy («Utstein kommune») og med Stavanger/Rennesøy.
2. Kommunestyret vedtek at avtaledokument med Randaberg/Rennesøy/Kvitsøy og med Stavanger/Rennesøy vert lagt til grunn for folkehøyringsprosessen.
3. Kommunestyret vedtek å gjennomføre rådgivande folkeavstemming om kommunereforma 8. juni 2016. Ein tek sikte på at førehandstemming skal skje i perioden 25. mai - 6. juni. Folkeavstemminga vert gjennomført på same måte som ordinært kommunevalet med dei vedtekne valkretsane i kommunen.
4. Voteringstema for den rådgivande folkeavstemminga 8. juni vert som følger: Bør Finnøy slås saman med ein eller fleire kommunar i regionen? JA / NEI / BLANK
5. Kommunestyret ber rådmannen om å fagleg kvalitetssikre utforming/tekst på stemmesetelen.
6. Kommunestyret gir politisk styringsgruppa fullmakt til å utarbeida ei plan for informasjon til alle innbyggjarar i kommunen.

Felles endringsframlegg H, V, foreslått av Arnt Ove Rødne, Høgre

Som rådmannen med følgjande endringar/tillegg:

Punkt 2: "Politisk styringsgruppe..." endres til formannskapet.

Punkt 4: 1. juni endres til 8. juni. 18-30. mai endres til 25. mai til 7. juni. Folkeavstemminga vert gjennomført i dei same valkretsane som ved kommuneval.

Punkt 5: Voteringa vert som følger:

a) Bør Finnøy slås saman med ein eller fleire kommunar i regionen JA/NEI/BLANK

b) Hvis ja på forrige spørsmål: hvilket alternativ velger du: Utstein/Stavanger

Etter gruppemøte trakk Venstre sitt framlegg og fremja eit nytt framlegg saman med Høgre.

Votering:

Innstillinga frå rådmannen fekk 0 røyster og falt.

Fellesframlegget frå H, V fekk 9 røyster (H, V) og falt.

Fellesframlegget frå KRF, SP og AP fekk 12 røyster (KRF, SP, AP) og vart vedteke.

KS- 005/16 VEDTAK:

1. Kommunestyret vedtek å gå vidare med dei tre utgreidde alternativa (nullalternativet (Finnøy), mellomalternativet («Utstein») og storkommunealternativet («Stavanger»)) i prosessen med folkehøring og endeleg kommunestyrehandsaming innan fristen 1. juli. Kommunestyret gir politisk styringsgruppe for kommunereforma fullmakt til å godkjenne endeleg versjon av avtaledokument med Randaberg/Rennesøy/Kvitsøy («Utstein kommune») og med Stavanger/Rennesøy.
2. Kommunestyret vedtek at avtaledokument med Randaberg/Rennesøy/Kvitsøy og med Stavanger/Rennesøy vert lagt til grunn for folkehøyringsprosessen.
3. Kommunestyret vedtek å gjennomføre rådgivande folkeavstemming om kommunereforma 8. juni 2016. Ein tek sikte på at førehandstemming skal skje i perioden 25. mai - 6. juni. Folkeavstemminga vert gjennomført på same måte som ordinært kommunevalet med dei vedtekne valkretsane i kommunen.
4. Voteringstema for den rådgivande folkeavstemminga 8. juni vert som følgjer: Bør Finnøy slås saman med ein eller fleire kommunar i regionen? JA / NEI / BLANK
5. Kommunestyret ber rådmannen om å fagleg kvalitetssikre utforming/tekst på stemmesetelen.
6. Kommunestyret gir politisk styringsgruppa fullmakt til å utarbeida ei plan for informasjon til alle innbyggjarar i kommunen.

Saksopplysningar

Bakgrunn:

Stortinget har poengtert at alle kommunar har ein utgreiingsplikt knytt til kommunereforma, jf. behandling av kommuneproposisjonen 2015 og kommuneproposisjonen 2016. Utgreiingsplikt er definert som «at alle kommunar skal ta aktivt del i kommunereforma. Dette inneber blant anna å ha dialog med nabokommunar, utgreie og vurdere aktuelle alternativ for så å ta stilling til om og i så fall kva kommunar ein ønskjer å gå saman med innan 1. juli.» jf. Innst. 375 S (2014-2015). I Finnøy kommune har den lokale prosessen vore handtert av politisk styringsgruppe for kommunereforma, jf. vedtak KS-056/14.

I kommuneproposisjonen 2016 vart det lagt til grunn at kommunane i forkant av endeleg behandling av sak om kommunereform innan 1. juli 2016, skal samanfatte utgreiings- og prosessarbeidet som er gjort og på det grunnlaget gjere eit førebels retningsval som innbyggjarane kan ta stilling til. Eit retningsval betyr i praksis at kommunestyret skal ta stilling til kva kommunesamanslåingsalternativ som er aktuelle, og korleis folkehøyringa skal gjennomførast.

I tråd med dette, vart kommunestyret i sak KS-082/15 orientert om at styringsgruppa tok sikte på kommunestyrebehandling av spørsmålet om framtidig kommunestruktur i to omgangar våren 2016: Førebels retningsval i møtet 27. april og endeleg behandling med vedtak i møtet 15. juni.

Status per 20. april 2016:

Finnøy sitt utgangspunkt gjennom heile kommunereformprosessen har vore å utgreie og vurdere følgjande tre aktuelle alternativ:

- Nullalternativet: Finnøy held fram som eigen kommune.
- Mellomalternativet: Finnøy inngår i ein mellomstor kommune saman med Randaberg, Kvitsøy, Rennesøy og Finnøy.
- Storkommunealternativet: Finnøy inngår i ein ny storkommune på Nord Jæren, saman med Stavanger og andre kommunar i regionen.

Styringsgruppa orienterte kommunestyret om status for arbeidet og kommunestyret ga føringar for vidare arbeid i kommunestyremøtet i juni, jf. KS-037/15 og møtet i desember 2015, jf. KS-082/15. Det går fram her at kommunereformarbeidet per desember 2015 i hovudsak hadde vore knytt til følgjande forhold:

- Lokal SWOT-analyse (styrker, svakheiter, moglegheiter og truslar) av dei tre aktuelle alternativa.
- Samarbeid med Stavanger og Rennesøy om tilleggsrapport til Jærrådet/Sandnes/Sola/Stavanger sin utgreiing om kommunestruktur.
- Innleiande nabosamtaler med Stavanger, og med Randaberg/Kvitsøy/Rennesøy.
- Gjennomgang og vurdering av nullalternativet.

Den 17. desember vart det gjennomført ny nabosamtale med Stavanger. Kommunane avtalte her å planleggje vidare møter etter at Stavanger også hadde hatt møte med Rennesøy. Den 22. januar hadde Randaberg, Kvitsøy, Rennesøy og Finnøy ny nabosamtale, men Randaberg og Kvitsøy sto førebels fast på tidlegare vedtak om å halde fram som eigne kommunar. Konklusjonen frå møtet var difor at det ikkje var grunnlag for vidare samtaler mellom dei fire kommunane.

I januar gjennomførte Finnøy kommune i samarbeid med Opinion AS ein innbyggerundersøking om kommunereforma. Styringsgruppa vart orientert om resultatane i møtet 28. januar. Innbyggerundersøkinga var lagd etter same mal som innbyggerundersøkingane gjennomført i Stavanger, Sola og Sandnes i desember. Føremålet med innbyggerundersøkinga var å gi innspel frå innbyggerane på spørsmål om kommunestruktur og om kva dei er opptatt av og har tilhørsle til. Dette som grunnlag for vidare prosess og nabosamtaler.

Når det gjeld spørsmålet om kommunestruktur, viser innbyggerundersøkinga at signifikant fleire er positive enn negative til mellomalternativet med Randaberg, Kvitsøy, Rennesøy og Finnøy (54 % positive, 23 % negative). Derimot er resultatet for storkommune på Nord-Jæren ikkje eintydig. 39 % er positive, mens 43 % er negative.

Innbyggerundersøkinga viser vidare at innbyggerane er opptatt av nærleik til legevakt, skule og fritidsordning, helsestasjon, sjukeheim, barnehage og kultur/idrett. I vedlegg 1 er resultatane frå innbyggerundersøkinga samanfatta og samanlikna med innbyggerundersøkingane i Stavanger, Sola og Sandnes.

I frå februar 2016 har det vore ny dynamikk i kommunereformarbeidet i Finnøy og i nabokommunane. Fleire forhold har medverka til dette:

- Innbyggerundersøkinga i Finnøy skapte debatt om kommunestrukturen. I tillegg gjennomførte Rennesøy i februar ei tilsvarende undersøking.
- Høyringsforslag nytt inntektssystem med frist 1. mars.
- Utvikling og endring i nabokommunane i forhold til strategi for reformarbeidet. Nye vedtak i både Rennesøy, Randaberg og Kvitsøy i februar og mars.
- Nabosamtaler med Randaberg, Kvitsøy, Rennesøy og Finnøy starta opp 11. mars. Planlagt fem møter – med siste møte 20. april. Kommunane tek sikte på å framforhandle ein intensjonsavtale om kommunesamanslåing av dei fire kommunane.
- Nabosamtala med Stavanger vart vidareført i frå 23. februar. I frå og med møte 3 har også Rennesøy vore med i nabosamtalene med Stavanger. Det er planlagt fire møter – med siste møte 20. april. Nabosamtalene mellom Stavanger, Rennesøy og Finnøy bygger på endeleg versjon av prinsippdokument mellom Stavanger, Sandnes og Sola. Resultatet av nabosamtalen er tenkt oppsummert i eit eige tilleggsdokument til prinsippdokumentet.
- Rennesøy kommune vedtok 18. mars å leggje fram tre alternativ fram til rådgivande folkeavstemming 1. juni. Dei tre alternativa er dei same tre alternativa som Finnøy har arbeidd med. Altså nullalternativet og to endringsalternativ: enten samanslåing mellom

Randaberg, Kvitsøy, Rennesøy og Finnøy, eller å gå saman med Stavanger i ny storkommune på Nord-Jæren.

Per 20. april er kommunane Randaberg, Kvitsøy, Rennesøy og Finnøy einige om intensjonsavtale om ein eventuell ny kommune. Namnet på den nye kommunen vil vere Utstein. Kommunane er einige om at «intensjonsavtalen skal gi et saklig og tilstrekkelig beslutningsgrunnlag for politisk retningsvalg, innbyggerhøring og endelige vedtak i de fire kommunestyrene.» Ordførarane vil signere intensjonsavtalen 22. april.

På siste planlagde møte i nabosamtalene mellom Stavanger, Rennesøy og Finnøy vart ein einige om å ha ytterlegare eitt møte, tidleg i mai. Ein tek sikte på at avtaledokumentet vert signert av ordførarane i avsluttande møte.

Folkehøyring:

Som nemnt gjennomførte Finnøy allereie i januar ein innbyggerundersøking om kommunestruktur. Føremålet med denne var òg å sikre innbyggerinformasjon, involvering og medverknad i prosessen. Det som per dato står att er å sikre at innbyggerane vert høyrde og får gi innspel til dei alternativa som kommunestyret gjennom eit retningsval ynskjer å ha med seg heilt fram til endeleg vedtak i juni.

Inndelingsloven § 10 seier at innbyggerane bør verte høyrde før kommunestyret gjer vedtak om kommunesamanslåing. Hovudalternativa for folkehøyring er via opinionsundersøkingar, folkemøter, høyring osv. eller via rådgivande folkeavstemming. I notat frå Telemarksforskning, på oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet om «*Hvordan gjennomføre kommunesammenslåing? Erfaringer og innspill fra frivillige kommunesammenslåinger.*» (TF-notat 35/2014) er medverknad og innbyggerdialog grundig analysert. I notatet vert dei to høyringsmetodane opinionsundersøking på telefon og folkeavstemming vurdert opp mot kvarande, med utgangspunkt i utvalde kriterier med skala frå 1 (dårleg ivareteke) og 5 (godt ivareteke). Resultata er oppsummert i tabellen under.

Metode/kriterie	Representativitet	Kunnskap og innsikt om konsekvenser	Betydning for dialog	Innbyggaranes moglegheit til å fremje synspunkt	Politikaranes moglegheit til å ta ein sjølvstendig avgjersle
Rådgivande folkeavstemming	4	1	1	1	1
Opinionsundersøking ved telefonintervju	5	1	2	2	3

Tabellen viser at opinionsundersøkingar kjem betre ut på fire av dei fem kriteriene. Berre på kriteriet kunnskap og innsikt om konsekvensar kjem dei to alternativa like godt (eller i dette tilfellet, like dårleg) ut. Konklusjonen er altså at opinionsundersøkingar er eit vesentleg betre folkehøyringsmetode enn folkeavstemming.

Nabokommunane som Finnøy er i samtaler med, har vald ulikt ang. folkehøyring. Stavanger skal ha folkeavstemming om kommunestruktur 30. mai, same dato som Sandnes og Sola. Rennesøy kommune skal ha folkeavstemming 1. juni. Randaberg skal ha innbyggerhøyring, ikkje folkeavstemming.

Det har lenge vore klart at det politiske fleirtalet i Finnøy er einige om at det våren 2016 skal gjennomførast folkeavstemming om eventuell kommunesamanslåing. Dette vart stadfesta i politisk styringsgruppe 28. januar. På initiativ frå rådmannen og på bakgrunn av behov for å planleggje og omprioritere administrative ressursar til gjennomføring av ein eventuell rådgivande folkeavstemming, fatta formannskapet 9. mars følgjande vedtak (FSK-019/16):

- 1. Formannskapet tek sikte på å gjennomføre rådgivande folkeavstemming som beslutningsstøtte i kommunereformarbeidet.*
- 2. Formannskapet tek til etterretning rådmannens orientering om utfordringar knytt til tid. Finnøy kommune må innan 1. juli forhandle med andre kommunar, planleggje og gjennomføre*

folkeavstemming – og behandle og fatte vedtak i kommunestyret.

3. Formannskapet bed på den bakgrunn om at rådmannen snarast råd begynner planlegging av folkeavstemming, og at rådmannen omprioriterer naudsynte administrative ressursar til dette arbeidet. Rådmannen må kome tilbake til formannskap/kommunestyre med forslag til budsjettregulering knytt til gjennomføring av folkeavstemming.

Spørsmålet om dato, praktisk gjennomføring og voringstema er pt. ikkje avklart. Dette er forhold som må avklarast i kommunestyret 27. april.

Lovheimelen for lokale folkeavstemmingar er kommuneloven § 39b nr. 1, som seier: «Kommunestyret eller fylkestinget kan selv bestemme om det skal avholdes rådgivende lokale folkeavstemmingar.» Det er ingen regler i valloven om lokale folkeavstemmingar, men Kommunal- og moderniseringsdepartementet tilrår at vallova med føresegner vert følgd så langt som mogleg.

Vurdering

Retningsval og grunnlag for folkehøyring:

Rådmannen viser til at Finnøy kommune allereie i september 2014 starta kommunereformarbeidet i regi av politisk styringsgruppe. Styringsgruppa har arbeidd godt og breitt, både med utgreiing- og prosessarbeid – både internt i Finnøy men òg i samarbeid med nabokommunar. Kommunestyret har vore orientert og har gitt rammer for vidare arbeid med jamlege mellomrom. Med bakgrunn i utgreiingsarbeidet i hovudsak gjennomført i 2015, i innbyggjarundersøkinga i frå januar 2016 og avtaledokument (og grunnlagsdokument) frå to prosessar med nabosamtaler, ligg det no føre eit fakta- og vurderingsmateriale som er eitt breitt og godt grunnlag for folkehøyring og endeleg vedtak i kommunestyret. Rådmannen meiner på den bakgrunn at Finnøy kommune på ein god måte har oppfylt utgreiingsplikta i kommunereforma.

Rådmannen meiner vidare at fakta- og vurderingsmaterialet på ein god og nyansert måte får fram styrker og svakheiter ved dei tre kommunestrukturalternativa. Rådmannen meiner vidare at det per nå ikkje er grunnlag for å velje vekk eitt av endringsalternativa, og meiner difor at både intensjonsavtale om ny Utstein kommune og avtaledokument med Stavanger og Rennesøy bør vere med i folkehøyringa og i endeleg behandling i kommunestyret.

Med bakgrunn i heile kommunereformprosessen og i det avgjerslegrunnlaget som ligg føre, meiner rådmannen at kommunestyret bør leggje følgjande retningsval til grunn for vidare prosess fram mot kommunestyrebehandling 15. juni 2016:

Kommunestyret i Finnøy vil ved endeleg behandling av sak om framtidig kommunestruktur vurdere følgjande tre alternativ:

1. Finnøy fortsetter som eigen kommune.
2. Finnøy går saman med Randaberg, Kvitsøy og Rennesøy i nye Utstein kommune.
3. Finnøy går saman med Stavanger i ny storbykommune på Nord-Jæren.

Intensjonsavtale med Randaberg/Rennesøy/Kvitsøy om Utstein kommune og avtaledokument med Stavanger/Rennesøy vil ligge til grunn for folkehøyringa og endeleg kommunestyrebehandling. Av tidsomsyn bør kommunestyret gi politisk styringsgruppe fullmakt til å godkjenne dei endelege avtaledokumenta.

Folkeavstemming:

Regjeringa legg til grunn at alle kommunar skal gi innbyggjarane moglegheit til å uttale seg om kommunestyret sitt retningsval i kommunereformsaka. Kommunane står likevel fritt til å sjølv bestemme korleis folkehøyringa skal gjennomførast.

Rådmannen tek til etterretning at det politiske fleirtalet i Finnøy ynskjer folkeavstemming i kommunereformsaka. Med bakgrunn i vedtak FSK-019/16 er planlegging av folkeavstemming starta

opp. Rådmannen minner likevel om TF-notat referert over, viser at innbyggerundersøking er vurdert til å vere eit vesentleg betre metode for høyring enn folkeavstemming.

Rådmannen viser i tillegg til at sjølv om lovverket ikkje stiller krav til kva type spørsmål, tal spørsmål og tal svaralternativ til kvart spørsmål ein kan stille i lokale folkeavstemmingar, så er empiri og forskning eintydige i det følgjande: Folkeavstemmingar bør skje på grunnlag av eitt alternativ/eitt spørsmål med JA/NEI/BLANK som svaralternativ. I tillegg bør spørsmålet vere tydeleg definert – det gjeld reint språkleg men òg at grunnlaget for og konsekvensar av spørsmålet er tydeleg definert.

I lys av dette er det å leggje opp til folkeavstemming om to endringsalternativ (Utstein kommune og storkommune med Stavanger) i utgangspunktet problematisk. Det neste spørsmålet ein må stille er om dei to endringsalternativa er tydeleg definert. Når det gjeld Utstein kommune så meiner rådmannen at dette alternativet er tydeleg definert gjennom intensjonsavtalen. Men det er ikkje i same grad tilfellet for alternativet storkommune med Stavanger. Avtaledokumentet som Finnøy og Rennesøy er i ferd med framforhandle med Stavanger byggjer på prinsippdokumentet mellom Stavanger, Sandnes og Sola. Ved einigheit mellom Sandnes, Sola og Stavanger etter folkeavstemminga 30. mai om å gå inn i drøftingar om å etablere ein ny kommune, må avtaledokumentet med Finnøy og Rennesøy avklarast med Sandnes og Sola. I tillegg har Finnøy og Rennesøy i forhandlingane med Stavanger varsla eit ynskje om å revurdere fleire punkt i dokumentet, i tilfelle det etter 30. mai eventuelt er avklart at Stavanger ikkje har oppnådd einigheit Sandnes og/eller Sola om å etablere Nord-Jæren kommune. Punkt som Finnøy og Rennesøy eventuelt ynskjer å revurdere er t.d. namn på kommunen og lokalisering av Rådhuset.

Rådmannen erkjenner difor at avgjerslegrunnlaget for Stavanger-alternativet vil vere langt meir uavklart og usikkert enn for Utstein-alternativet og Finnøy-alternativet. Dette gjeld både i forhold til kva kommunar ein eventuelt skal slå seg saman med, og kva føresetnader som vil liggje til grunn for ein eventuell ny storbykommune med Stavanger. Gitt at kommunen vil ha folkeavstemming i kommunereformsaka, frist 1. juli for endeleg vedtak i kommunestyret, i kombinasjon med folkeavstemming i nabokommunane 30. mai og 1. juni, har rådmannen ingen forslag til løysing av denne problemstillinga.

Basert på retningsval tilrådd av rådmannen, har rådmannen følgjande forslag til voringstema i den rådgivande folkeavstemminga om kommunestruktur:

- a. Bør Finnøy slås saman med ein eller fleire kommunar i regionen? JA / NEI / BLANK
- b. I tilfelle kommunesamanslåing, kva alternativ ynskjer du? UTSTEIN / STORKOMMUNE MED STAVANGER / BLANK

Endeleg utforming av stemmesetel vil verte fagleg kvalitetssikra før den går til trykking.

Rådmannen tilrår at Finnøy har folkeavstemming på same dato som Rennesøy, altså 1. juni. Rådmannen har fått signal i frå styringsgruppa om at ein ynskjer så lang som mogleg periode førehandstemming. Av praktiske årsaker, i hovudsak vedtak i kommunestyret om voringstema og trykkefrist, så meiner rådmannen at perioden med førehandstemming må avgrensast til 12 dagar – i frå onsdag 18. mai til og med måndag 30. mai. Også desse datoane er usikre, pga. avhengigheit med kva tid stemmesetlane vil vere klare. Rådmannen tek òg sikte på å ha førehandstemming aktuelle laurdagar. Førehandstemminga vil skje på Rådhuset, Servicetorget.

Rådmannen ber i denne saka om at kommunestyret tek stilling til voringstema, dato og tentativ periode for førehandstemming. Rådmannen tek sikte på å kalle inn til Valstyret så snart som råd, seinast 11. mai i samband med formannskapsmøte. Uavklarte spørsmål knytt til gjennomføringa av folkeavstemminga vil verte tatt i Valstyret. Det er likevel eitt spørsmål til som rådmannen ynskjer avklart allereie nå, og det er tal stemmekretsar i folkeavstemminga. Rådmannen foreslår å avvike frå det som er vanleg praksis i Finnøy kommune, med å ha stemmelokalar på Finnøy men òg på dei ikkje-landfaste øyane. Dette skuldast praktiske forhold og administrativ kapasitet. Det vil vere særskilt krevjande for administrasjonen å planleggje og gjennomføre folkeavstemminga. I tillegg må valet

gjennomføres 100 % manuelt, både førehandstemminga, valtingsstemmer og opptellinga. Reduksjon i tal stemmekretsar vil redusere behovet for opplæring av stemmestyre, gjøre logistikken på valdagen lettare og i tillegg, men minst viktig, redusere utbetaling av godtgjersle til stemmestyrene.

Når det gjeld informasjon og kommunikasjon vedr. folkeavstemminga, så tek rådmannen sikte på å nytte kommunen sine nettsider og annonseplass i Øyposten. Rådmannen foreslår at ytterlegare informasjons- og kommunikasjonstiltak eventuelt vert drøfta i styringsgruppa.